



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
22.05.2018
Dykkar dato
06.04.2018

Vår referanse
2010/6956 421.4
Dykkar referanse
14/1235

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til offentlig ettersyn av områdeplan for Alversund

Vi viser til brev frå kommunen datert 06.04.2018, med melding om offentlig ettersyn av områdeplan for Alversund.

Føremålet med områdeplanen, på om lag 300 da, er i første rekke å leggje til rette for ny barneskule med fleirbrukshall, aktivitetsområde, og tilhøyrande infrastruktur. I tillegg legg områdeplanen til rette for etablering av to nye bustadfelt, samt fortetting i etablert bustadstruktur. Planframlegget legg og til rette for tenesteyting på arealet der Alversund skule ligg i dag. Det same føremålet er føreslege på eit areal aust for fv 565.

Fylkesmannen sine merknader

Fylkesmannen si vurdering er i hovudsak at planforslaget er godt gjennomarbeida. Vi har nokre merknader.

Konsekvensutgreiing

Det er vurdert at framlegg til områdereguleringsplan for Alversund ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing (KU), likevel er det i føresegn 4.1.5 sett krav om KU før det kan gjevast igangsettingsløyve for arbeid i BIA, idrettsområdet. Vi forstår det slik at dette er knytt til manglande registreringar etter naturmangfaldlova. Ein slik utgreiing skal i utgangspunktet vere på plass før ein vedtar planen. Dette er fordi funna i ei KU skal vere med på å avgjere om det skal vere eit idrettsområdet der eller om det heller bør plasserast ein anna stad. Ved å flytte undersøkinga til igangsettingsløyve vert det svært vanskeleg å ta omsyn til eventuell ny kunnskap som kjem fram i konsekvensutgreiinga. Fylkesmannen rår til å gjere alle naudsynte utgreiingar før vedtak av plan, slik at denne kunnskapen kan vere med som grunnlag for avgjerda.

LNF-område

I teiknforklaringa til plankartet er LNF-området delt opp i L (landbruksformål) og F (Friluftformål), medan på sjølve kartet er alle områda markert med L. Fylkesmannen meiner at om ein skal dele opp LNF-områda i L og F, bør områda ned mot sjøen ligge som friluftformål.

Føresegnene

Føresegnene er omfattande og vi meiner at ein med fordel kan ta vekk dei som ikkje er naudsynte. Vi tenke til dømes på punkt 9.1.1 og punkt 9.1.3 som omhandlar tiltak i LNF-

områda. At det ikkje kan byggast nye bustader eller fritidsbustader i eit LNF-område følger direkte av plan- og bygningslova og er ikkje naudsynt å ta med i føresegnene. Krav om felles planlegging er med i både punkt 10.6 og i punkt 2.1.2. Det bør vurderast om dette er naudsynt.

Vi ynskjer lykke til med vidare planarbeid!

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen